

— 11 —

Fraa denne tidi hev me ogso dei eldste merki etter norderlandsk maal. Det er innskrifter paa steinar, spenne, sylgjer og dilikt, skrivne med *runer*, som dei meiner folki i norderlandi hev lært hjaa skyldfolki sine — gotarne — i slutten av det 3dje hundradaaret e. Kr. Den runerekkje som dei bruka i den eldre jernalderen, hadde desse 24 bokstavar:

ƿ ᳚ þ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚ ᳚

f u þ a r k g v h n i j e u p r s t b e m l n g o ð

Me hev meir enn 100 innskrifter med slike runer spreidde yver alle norderlandi. Maalet i desse innskrifterne, som er oftaste stutte og vande aa tyda, er det same aa segja alle stader, anten me finn deim i Norig, Sverige eller Danmark. Det kunde soleis sjaa ut som folki i alle desse landi i den eldre jernalderen hev tala eit og det same maal, men det kann ogso vera, at det berre er runemeistrarne som hev høyr til ei og den same folkegreini, og som hev skriva paa eit og same maalføre. Kor det no er med dette, so hev desse innskrifterne det største verd for maalgranskingi, med di me her hev dei eldste former som bid av norderlandsk maal eller *frummordisk*. I Norig hev me funne paa lag 50 innskrifter med dei eldste runer. Dei merkelegaste er fraa: Einang i Valdres (300—400 e. Kr.), Tune i Austfold (400—500), Strand i Ryfylke, Valsfjord i Sud-Trøndelag, Bratsberg paa Upp-Strindi i Sud-Trøndelag, Opedal i Hardanger (500—600), Amle i Sogn, Veblungsnes (600—700), Vatn paa Ørlandet i Sud-Trøndelag (700—800 e. Kr.).

Her er innskifti paa *Strandsteinen* med latinske bokstaver innsette i staden for runer: